

DIREKTORATET FOR HØYERE UTDANNING OG
KOMPETANSE
Postboks 1093
5809 BERGEN

Dykkar ref.:
24/00075

Vår ref.:
24/01673-12

Vår dato:
19.04.24

Høyringsvar frå Høgskulen på Vestlandet – Forslag til ny forskrift om undervisnings- og forskingsstillingar og rekrutteringsstillingar

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er først og fremst kritisk til forslaget om å fjerne kravet til forskingskompetanse i dosentstigen. Vi kan ikkje sjå at denne endringa verken er føremålstenleg eller nødvendig for å oppfylle det ansvaret UH-lova pålegg oss. Snarare betyr det ei sterkare overordna styring, eit meir rigid regelverk og mindre fleksibilitet med omsyn til rekruttering og kompetanseutvikling i vitskaplege stillingar. Vi meiner det er grunn til å stilla spørsmål ved om forslaget er godt nok tilpassa dei internasjonale retningslinjene for vurdering av akademiske karriereløp.

HVL er også usamde i forslaget om endringa i opprykksordninga og uroa for at direktoratet ikkje erkjenner konsekvensane av den føreslegne endringa og kva utslag dette vil få for dei mange fast tilsette høgskule-/universitetslektorane som pr. i dag er i doktorgradsløp og i kvalifisering for opprykk til førsteamanuensis. Vi ber difor direktoratet om å vurdere særlege overgangsreglar for denne gruppa dersom ein held fast ved forslaget.

Vidare ser vi utfordringar ved å påleggja språkopplæring i rekrutteringsstillingane, både med omsyn til behov og vilkår i stillingane.

Vi er heller ikkje overtydd om at det grepet direktoratet føreslår når det gjeld krav om utdanningsfagleg kompetanse er tilstrekkeleg for å ivareta den positive utviklinga ein har hatt på dette området etter førre forskriftsendring.

Vi stiller oss også noko spørjande til om reguleringsnivået direktoratet har lagt for den nye forskrifta, tener føremålet godt nok når det gjeld fastsetjing av kriterium for tilsetjing, opprykk og overgang.

I det vidare følgjer vårt utfyllande høyringsvar. Det følgjer i hovudsak strukturen i høyringsnotatet. Vi kommenterer først på dei meir overordna endringane som er omtala i høyringsnotatet, før vi kommenterer konkret på enkelte av reglane i forskriftsforslaget.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
HR - Rekruttering

Sakshandsamar
Anne Lone Hovland
Telefon: +47 57 67 63 26

Høyringsvar

Tydelegare skilje mellom dei to karrierestigane (høyringsnotatet pkt. 3.3)

Det er foreslått endringar i kvalifikasjonskrava i det som vert omtalt som høvesvis dosent- og professorstigane: Professorstigen krev doktorgrad og legg vekt på forskingskompetanse, medan det i dosentstigen vert lagt vekt på fagleg utviklingsarbeid og yrkeserfaring. Direktoratet forklarar at føremålet er å skilja tydelegare mellom karrierestigane, og at endringane kan opna for meir varierte erfaringar og karrierevegane i universitets- og høgskulesektoren, i tråd med sektoren sitt breie samfunnsoppdrag. Ut frå høyringsnotatet forstår vi det slik at det vil vera opp til den einskilde institusjonen sjølv å vurdere i kva grad det er nødvendig med forskingskompetanse i stillinga og velja stillingskategori ut frå dette. HVL er negative til forslaget om at det ikkje lenger skal vera krav om forskingskompetanse i førstelektor- og dosentstigen.

Det skarpe skiljet som er foreslått mellom dei to karrierevegane deler dei vitenskaplege stillingane i to søyler; ei søyle for undervisning og fagleg utviklingsarbeid, og ei søyle for undervisning og forskning. Slik vi ser det inneber denne delinga at det blir mindre rom for fleksibilitet i stillingane. Det er opna for overgang mellom dei to søylene, men ved å fjerne forskingsdimensjonen frå den eine søyla og heve krava til forskningserfaring i den andre, gjer ein det likevel svært vanskeleg å opparbeide seg kvalifikasjonar på tvers av stillingskategoriane. Vi meiner at den styringa ein her legg opp til, ikkje tek omsyn til institusjonane sine ulike behov.

I staden for å opne opp for større breidde og meir varierte erfaringar i vitenskaplege stillingar, inneber forslaget slik vi les det, ei innsnevring av stillingskategoriane. Vi meiner direktoratet på denne måten missar i forsøket på å tilpasse forskrifta til nyare internasjonale reglar for vurdering av akademiske karriereløp. Desse vektlegg i større grad breidde og større rom for fleksibilitet innanfor stillingskategoriane. Vi har forståing for at det er vanskeleg å laga eit regelverk som gjer kompetanseprofilane innanfor dei to karrierestigane tydelegare og samstundes ivareta behovet for større breidde i stillingane. Vi meiner likevel at dette kan møtast på ein betre måte ved at kravet forskningserfaring får ulik vekt i dei to stigane. Vi vil i også understreka at omgrepet «fagleg utviklingsarbeid», i motsetnad til «forskningserfaring», er eit svært lausleg definert kriterium og er for uklårt til at det kan nyttast som eit sjølvstendig kvalifikasjonskrav.

Vidare er vi usikre på om forslaget er godt nok utgreidd med omsyn til krava i studietilsynsforskrifta når det gjeld kravet til første- og toppkompetanse ved utdanningane. Det er uklårt korleis ein ser føre seg å sikra forskingskompetansen i studietilboda dersom forskingskvalifikasjonar ikkje lenger inngår som eit krav i førstelektor- og dosentstillingane. Det er uklårt korleis institusjonane frametter skal halde seg til studietilsynsforskrifta, og det er ei viss uro for at direktoratet i forlenginga ser føre seg ei justering også av denne forskrifta med meir detaljerte krav til fagmiljøa si samansetting.

Utdanningsfagleg kompetanse (høyringsnotatet pkt. 3.4)

Krava til utdanningsfagleg kompetanse for undervisnings- og forskingsstillingane er foreslått forenkla, på den måten at krava i forskrifta er omtalte på eit meir overordna nivå. Institusjonane skal sjølve fastsetja utfyllande krav, som skal vera tilpassa kvar enkelt stillingskategori. Det blir understreka av HK-DIR at kompetansekrava ikkje skal reduserast jamført med dagens forskrift og KD oppmodar institusjonane til samarbeid i arbeidet med utfyllande retningslinjer for utdanningsfagleg kompetanse.

HVL vil peike på den positive utviklinga ein ser i sektoren etter forskriftsendringa i 2019 med tydelegare krav til utdanningsfagleg kompetanse i førsteamanuensis og professorstillingane. Det er viktig at denne utviklinga held fram og vi deler HVL-studentane og våre fagmiljø si uro for at forslaget kan føra til at denne utviklinga stoppar opp ([sjå eige høyringsvar](#)). Det er særleg formuleringane i høyringsnotatet s. 25 og 26, der kravet til forskningserfaring i professorstilling blir stilt opp mot kravet til utdanningsfagleg kompetanse, som blir oppfatta som uheldige og ikkje i tråd med føringane i Stortingsmelding 16, som høyringsnotatet skal vera forankra i. Samstundes har fokuset på studentane si læring fått lite plass i høyringsnotatet.

Språkkrav (høyringsnotatet pkt. 3.5)

I forslaget er det teke inn norskkrav svarande til nivå B2 for å innfri kvalifikasjonskrava for undervisnings- og forskningsstillingar. Det kan gjerast unntak frå kravet ved tilsetjing dersom institusjonen legg til rette for at kompetansen vert nådd innan tre år frå tilsetjing. HVL stør dette forslaget.

Stipendiatar og postdoktorar som ikkje kan dokumentera norskferdigheiter svarande til nivå A2 ved tilsetjinga, skal gjennomføra norskopplæring svarande til 15 studiepoeng. For stipendiatar skal denne opplæringa gå inn under det som vert kalla «Anna karrierefremjande arbeid». Alle stipendiatar skal ha minimum tre årsverk til doktorgradsarbeidet, lengda på stillinga kan vera mellom tre og fire år. HVL ser at det kan vera nyttig at både stipendiatar og postdoktorar, som planlegg ei vidare akademisk karriere i Norge, får tilbod om norskkurs. Vi ser likevel at det kan vera problematisk å påleggja norskkurs i desse stillingane m.a. fordi kandidatane kan ha ulikt utgangspunkt for å læra seg det norske språket innanfor tidsramma for eit 15 stp. emne. Vi meiner difor det kan vera tilstrekkeleg å tilby norskundervisning i desse stillingane og at behovet for å læra seg norsk blir vurdert i samband med fastsetjing av karriereplanen.

Færre og mindre detaljerte krav (høyringsnotatet pkt. 3.11)

Direktoratet legg i det nye forskriftsforlaget opp til meir bruk av institusjonsvise retningslinjer og i høyringsnotatet blir det fleire gonger nemnt at kvar institusjon har høve til å utarbeida eigne retningslinjer/krav ut over det dei omtalar som minimumskrava som er forskriftsfesta. Vi tolkar dette slik at det er ønskeleg at institusjonane har eit meir medvite forhold til kva krav ein set til dei ulike stillingskategoriane og til å vurdere det faktiske behovet for forskingserfaring ved utlysing av stillingar og anna.

Ein fare ved å leggja forskrifta på eit så overordna nivå er at institusjonane kan setje ulike krav for tilsetjing i elles like stillingskategoriar slik at t.d. professorkompetanse ikkje lenger uttrykkjer det same kompetansenivået. HVL vil difor påpeike at det gjerne ikkje bør vera like mykje opp til den enkelte institusjon, som til det enkelte fagområde å avgjere kva krav som bør setjast innanfor stillingskategoriane og at direktoratet gjer ei vurdering av dette før forskriftsforlaget blir lagt fram for vedtak.

Direktoratet har elles signalisert at det vil bli utarbeida ein rettleiar til forskrifta, noko som etter vårt syn vil vera nødvendig for å kunne ta forskrifta i bruk slik forslaget no ligg føre. I tillegg må det setjast av tilstrekkeleg tid til at sektoren får samordne seg på nødvendige område før forskrifta trer i kraft.

Kommentar til § 2-2 Universitets- og høgskulelektor

Forlaget inneber at stilling som høgskulelektor ikkje lenger er ein del av karrierevegen til førsteamanuensis- og professorstilling, det kan berre søkjast opprykk til førstelektor og krava til forskingskvalifikasjonar utover mastergraden eller kunstnarisk utviklingsarbeid er difor ikkje vidareført for denne stillinga.

Bortfall av kravet til forskingskvalifikasjonar gjer at stilling som høgskulelektor ikkje legg til rette for at ein skal kunne opparbeide seg forskingserfaring. Endringa bidreg etter vårt syn til ei unødvendig sterk innlåsing i dosentstigen også for dei høgskulelektorane som fullfører doktorgradsutdanning, men som ikkje har forskingserfaring utover dette.

Kommentarar til § 2-5 Førsteamanuensis

Det nye kravet (bokstav b.) om relevant forskingserfaring eller erfaring med kunstnarisk utviklingsarbeid utover eige doktorgradsprosjekt, inneber at doktorgradsprosjektet åleine ikkje lenger vil vera tilstrekkeleg for tilsetjing som førsteamanuensis. Som ein konsekvens av denne endringa er også føremålet med postdoktorstillinga føreslege endra til å skulle kvalifisere for stilling som førsteamanuensis, i staden for til «vitskapelege toppstillingar» som i gjeldande forskrift. Direktoratet skriv at forskingserfaring også kan opparbeidast før ein tek til i stipendiatstilling, m.a. i stilling som vitskapeleg assistent. Ein kan også opparbeida seg slik kompetanse som ein del av «anna karrierefremjande arbeid».

HVL oppfattar kravet om relevant forskingserfaring ut over eige doktorgradsprosjekt som lite presist og det er uklårt kor mykje som skal til for å verta kvalifisert som førsteamanuensis.

Slik vi ser det vil endringa også føre til at unge akademikarar med ambisjonar om ei forskingskarriere, må stå unødig lenge i mellombelse tilsetjingsforhold, før ein er kvalifisert for fast stilling. Vi ser ikkje korleis denne endringa er i tråd med føringane om mindre bruk av mellombelse tilsetjingar og åremålsstillingar i UH-sektoren, og vi oppmodar direktoratet om å sjå nærare på dette.

§ 3-2 Sakkunnig komité og § 3-3 Vurderings og innstillingsprosessen

Forslaget opnar for at det kan takast andre omsyn i utvalssamansettinga enn før. Av høyringskrivet går det fram at føremålet med endringa er å leggja betre til rette for mangfald og tverrfaglegheit i utvalet, samstundes som endringa kan bidra til å forenkla arbeidet med samansetting av utvala. Forslaget gjer at anna kompetanse enn den faglege kan inngå i utvalet. I tillegg inneber endringa i UH-lova at sakkunnig utval si vurdering ikkje lenger vil vera bestemmende for kven som kan innstillast, vurderinga inngår i staden som ein del av grunnlaget for tilsetjingsutvalet si avgjerd.

HVL ser at forslaget kan forenkla arbeidet med samansettinga av dei sakkunnige utvala, som ofte er ein av flaskehalsane i tilsetjingsprosessen. Vi er likevel uroa for at forslaget vil svekka grunnlaget for ordninga med sakkunnig vurdering, og meiner dette burde vore betre utgreidd i høyringsnotatet.

Kommentar til § 3-4 høve til å søkja opprykk og § 3-6 Høve til å søkja overgang

Forslaget inneber at det berre kan søkjast opprykk innanfor ein av dei to karrierevegane og at det ikkje lenger vil vera mogleg å søkja om opprykk til stilling som førsteamanuensis. Institusjonane kan likevel sjølve bestemma om det skal vera mogleg å søkje om overgang mellom dei to førstestillingane og dei to toppstillingane.

HVL ser det som uheldig at tilsetjing i dei lægste stillingskategoriane stakar ut eit karriereløp i dosentstigen, og finn inga grunngeving for dette i høyringsnotatet. Vi er redd denne endringa kan gjera det mindre aktuelt for unge å velja seg ei akademisk karriere tidleg.

For HVL betyr denne endringa at mange av høgskulelektorane som for tida har permisjon medan dei er i stipendiatstillingar, ikkje lenger vil kunne søkja om direkte opprykk til stilling som førsteamanuensis etter avlagt doktorgrad, men må gå vegen om stilling som førstelektor. Etter fire år i permisjon frå stilling som høgskulelektor, har ein gjerne heller ikkje hatt moglegheit for å opparbeida seg den erfaringa frå undervisnings- og fagleg utviklingsarbeid som opprykk til førstelektor krev. Stilling som førstelektor, gjev heller ikkje mykje rom for å opparbeida seg den forskingserfaringa ein må ha utover doktorgraden for å kunne søkje overgang til førsteamanuensis. Målet om ei forskingskarriere vil for mange av våre tilsette difor bli ein svært kronglete veg. Vi ber om at direktoratet vurderer ein lengre overgangsperiode/særlege overgangsreglar for denne gruppa dersom ein held fast ved forslaget.

Med helsing

Gunnar Yttri

Rektor

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.